



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - soknerådssaker

Møtedato: 01.11.2018
Møtetid: kl. 18:30
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Bent Gunnar Næss, Brigt Roar Skeie, Andreas Westermoen, Ingunn Reigstad, Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig, Bjørn Tore Sæle.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Per Audun Heskestad, Andreas Sagstad Berg, Regine Sagstad Berg, Synnøve Kårstad Ryland, Anne Kjersti Tveiten Erikstein.

Innkalling, sakliste og sist møtebok:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 30.08.18 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000031 Stolar frå Randaberg?

Vi har tilbod om å få kjøpt billige kyrkjestolar frå ei kyrkje i Randaberg. Bruken er til Møteplassen og å inntil vidare skifte ut benkar i kyrkja med stolar (framme og bak) for å skape meir fleksibel bruk i kyrkja, så lenge vi må klare oss med Meland kyrkje. Kyrkjeverja kan jobbe vidare med saka.

Sak 000032 Ny dato og komite medarbeidarfest

AU foreslår ny dato 12.februar 2019. Ny komite bør oppnemnast. Opplegg frå AU bør drøftast.

Dato OK. Kan det rekrutterast nokon til matlaging frå deltakarar på norskkurset. Kan ei husgruppe rydde til og ei anna rydde etterpå?

Sak 000033 Høyring trussamfunnslova

Det vart temamøte i Bergen 26.11, og tre soknerådsmedlemmer har meldt seg på. Førsteutkast til høyringssvar bør vere skrive innan 19.11. Høyringsdokumenta fins på kyrkja.no, søk: Høring om kirkeordningen.

Sak 000034 17.11 Samling for soknerådsmedlemmer i Knarvik kyrkje

Biskopen inviterer til stor samling for alle soknerådsmedlemmer i Bjørgvin laurdag 17.11. Sjå programmet og påmelding (inna 14.11) her <https://kyrkja.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/forsideoppslag/mi-kyrkje---inspirasjonssamling-for-soknerada/>.

Dei som har høve, vert oppmoda om å melde seg på.

Sak 000035 Kulturkveld?

Det har kome eit forslag frå kyrkjeutvalet om å arrangere ein stor kulturkveld med låg terskel og breitt program, gjerne i ein gymsal. Soknerådet kan drøfte saka. Soknerådet foreslår å jobbe vidare med ideen – gjerne 1. veka i april.

Sak 012/18 Verdier for soknerådsarbeidet



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Forslag til vedtak:

Meland sokneråd vedtek følgjande verdiar for arbeidet i Meland kyrkjelyd:

Engasjert, mangfaldig og inviterande kvardagskyrkje. Visjonen vert som før: Nær Gud, nær menneske.

Møtebehandling:

Tilføying til vedtaksforslaget: Soknerådet arbeider vidare med formuleringane knytta til verdiane og ber AU om å kome med eit framlegg.

Vedtak:

Meland sokneråd vedtek følgjande verdiar for arbeidet i Meland kyrkjelyd:

Engasjert, mangfaldig og inviterande kvardagskyrkje. Visjonen vert som før: Nær Gud, nær menneske.

Soknerådet arbeider vidare med formuleringane knytta til verdiane og ber AU om å kome med eit framlegg.

Samrøysta vedtak.

Sak 013/18 Valet 2019 - innleiande orientering og samtale

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Forslag til namn til nominasjonskomite på minst tre medlemmer:

Idar Simonsen, Kari Erikstein, Rune Mінде, Trine Bruvik, Veronika Husebø. Reserve Ingunn Reigstad.

Vedtak:

Ikkje vedtak i saka.

For Meland sokneråd - soknerådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 01.11.2018
Møtetid: kl. 20:00
Møtestad: Møteplassen

Til stade:

Bjørn Tore Sæle, Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Brigt Roar Skeie, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad (møteleiar), Aslaug Cecilie Sæle Miljeteig.

Frå administrasjonen møtte Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Anne Kjersti Tveiten Erikstein, Per Audun Heskestad, Andreas Westermoen, Regine Sagstad Berg, Synnøve Kårstad Ryland.

Innkalling, sakliste og sist møtebok:

Innkalling og sakliste vart godkjent. Møtebok frå møte 30.08.18 vart godkjent.

Meldingssaker:

Sak 000017 Førebuing av budsjett 2019

Sak 000018 Informasjon om planlegging av nytt gravfelt

Rune Fanastølen Tuft frå Asplan Viak orienterte om planane for utviding av gravplassen.

Sak 015/18 Auka festeavgifter

Forslag til vedtak:

Meland sokneråd gjer framlegg om følgjande festeavgifter frå januar 2019:

450 kroner pr år for kistegrav

450 kroner pr år for urnegrav

900 kroner pr år for graver eldre enn 60 år

Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: kr 9000

Soknerådet meiner at festeavgiftene bør gradvis auke kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.

Møtebehandling:

Vedtak:

Meland sokneråd gjer framlegg om følgjande festeavgifter frå januar 2019:

450 kroner pr år for kistegrav

450 kroner pr år for urnegrav



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

900 kroner pr år for graver eldre enn 60 år

Reservasjon/festeavgift 20 år for ledig grav i dobbelgrav: kr 9000

Soknerådet meiner at festeavgiftene bør gradvis auke kvart år til ein er på nivå med kommunar i regionen det er naturleg å samanlikne seg med.

Sak 016/18 Budsjetttinnspel til kommunen

Forslag til vedtak:

Framlegg til budsjettinnspel til kommunen vert vedteke som det ligg føre. Det bør gjerast eit arbeid med å varsle kommunepolitikarane om kor knapp løyvinga til kyrkja har vore over svært mange år, og at dette bør rettast opp i.

Møtebehandling:

Vedtak:

Framlegg til budsjettinnspel til kommunen vert vedteke som det ligg føre. Det bør gjerast eit arbeid med å varsle kommunepolitikarane om kor knapp løyvinga til kyrkja har vore over svært mange år, og at dette bør rettast opp i.

For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje